

# FANGST OG SKJELPRØVAR I AUDNA


## Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2020 var 843 per år (snittvekt 2,4 kg), og fangstane har variert mellom 400 og 1200 dei fleste åra (**figur 1**, stolpar). Fangsten i 2020, på 1642 laks (snittvekt 2,3 kg), er den høgaste som er registrert.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2020 var 179 per år (snittvekt 1,1 kg). Fangstane har variert usystematisk, frå nær 500 i 1995 og -96, til berre 12 i 2010. I 2020 vart det fanga 160 sjøaure (snittvekt 1,0 kg), om lag som dei fleste åra på 2000-talet.

Det er ingen klar samanheng mellom fangst av laks i Audna og i resten av fylket (**figur 1**, linjer), sjølv om enkelte periodar har liknande variasjon. Dei fleste åra etter 2010 har laksefangstane vore høge i Audna i høve til resten av fylket, samanlikna med dei føregåande åra. Sjøaurefangstane var relativt sett svært høge i Audna i 1995 og 1996, men frå 2004 har mellomårsvariasjonen vore ganske lik mellom Audna og resten av fylket dei fleste år.

Sidan 2009 har ein del av den fanga fisken vorte sett levande ut att i elva. For laks har det utgjort 7-14 % av fangsten dei fem siste åra. I 2010 og 2011 vart over 90 % av sjøaurane sett ut att, etter det har andelen vore ca. 10-60 %. I 2020 vart 14 % av laksane og 32 % av sjøaurane sett ut att.




**FIGUR 1.** Fangst av laks og sjøaure i Audna i perioden 1995-2020 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Agder, utanom Audna. NB! Fangst inkluderer gjenutsett fisk.

## Skjelmateriale

Det har til saman come inn skjelprøvar av 664 laks og 31 sjøaure sidan 2012, men oppslutninga har variert, og to av åra kom det inn berre 10-15 prøvar. Dei siste åra har det vore ei klar betring, i 2020 mottok me skjelprøvar av 60 laks og 9 sjøaure, høvesvis 4 og 9 % av avliva fangst.

Det er ikkje registrert rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet noko år.

Eit særdrag ved villaksen i Audna ser ut til å vera ein uvanleg høg andel andregongsgytarar i høve til det ein ser i dei aller fleste andre elvar.



**FIGUR 2.** Antal skjelprøvar frå Audna 2012-20 og andel rømt oppdrettslaks (%).

Skjel 2020



**Rådgivende Biologer AS**

Edvard Griegs vei 3, 5059 Bergen

Tlf. 55 31 02 78

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)